

Kunsten å reparere

BOKMELDING



Roman. Willy Flock/Rolf Magne Fredheim. Oplandske Bokforlag. Pris 343,-

Willy Flock frå Hamar og Rolf Magne Fredheim, fødd og oppvaksen i Florø, har skrive ei bok med den dobbeltydige tittelen «Reparatøren». Den er til sals i bokhandelen også her i byen.

HARALD J. STAVANG
harald.stavang@firdaposten.no

Det dobbeltydige kjem godt fram når ein tek til å lese. Boka handlar enkelt sagt om ein alkoholi- kar som frivillig har lagt seg inn på ein institusjon.

Gjennom behandling og samtaler ser mannen tilbake, og historie rullar fram. Han ligg under for alkohol, men har eit godt hovud og gifter seg med dottera til ein fabrikkkeigar, og får gjennom det jobb på fabrikkjen. Først som reparatør for å sette seg inn i produksjonen. Sidan er planen at senior skal trekke seg tilbake og overlata drifta til svingersonen.

Vi går ikkje vidare inn på historia; den kan ein lese sjølv.

Det er fleire som har gitt seg inn på temaet, mest gjennom faglitteratur, men også i romanform. Dei fleste av dei siste desse går på utsida og diktar inn ei historie. Også her er det vel ei oppdikta historie, men her merkar du å vere godt under huden på hovudpersonen.

Det mange veit av eiga røynsle, er at alkoholi- karar har utvikla ein fantastisk fantasi og evne til å skjule, dekke til, forklare og bortforklare eit problem som etter kvart fører misbrukaren inn ei boble der alt handlar om rusen.

Arbeid og det meste av det andre i eit vanleg liv blir ei uendeleg plage som ein må lide seg gjennom for dei lukkelege timane i alkoholen si roseraude sky. Desse blir etter kvart færre og færre, og fantasien må spennast til det ytterste for at ein skal halde fasaden.

– Dei som er på køyret vil nok ikkje lese ei slik bok. Dei er ikkje i den fasen. Men dei som har komme ut, veit kva det handlar om og kjenner seg igjen, seier Willy Flock.

Rolf Magne Fredheim bur no i Horten. Han har gitt ut fleire bøker og diktsamlingar. Fredheim og Flock møttest på eit forfatterseminar for nokre år sidan, og etter kvart vart det til at dei gjekk saman om å skrive denne innsiktsfulle boka.

Rolf Magne Fredheim er fødd og oppvaksen i Florø.



FLOTT: Gøy å vasse. Ein fin plass å vere seier vennene Even Mathias Brandsey (13) Eirik Hjalte (12) Cesilie Holm (13), og Thea Reksten Aune (12).

Klare for sommaren

SØRSTRAND: Ein god del meir sand er lagt på plass, vollane rundt er planert ut og skal såast til. Det er rydda vekke fleire tonn flytande tare og anna som havet har vaska i land på den nye bystranda på Sørstrand som vart opna i fjor.

OLAV HATLEMARCK
olav.hatlemarck@firdaposten.no

Fleire trassar kaldt vatn, og stadig fleire tek stranda i bruk.

Berre på den korte timen vi var der søndag føremiddag, kom fleire turgåarar innom for å vasse og sjå på tilhova.

Skjerma

Framleis kaldt i sjøen, men likevel langt meir vennlege temperaturar med skjerming av nordavinden her, enn i sentrum av Florø. På sjøve sanden og på svaberga tok sola ekstra godt.

Initiativtakar og eldsjel Magne Hovland

har fått dagnadsgjengen i god sving att etter vinterens kvile. Saman med Nordalsmarka velforeining har dei fleire nye planar i emning både for stranda, for heile området og for organisering av arbeidet i ei stifting dei har kalla Sørstrand Folkepark.

– Vi skal no så gras på vollane. Her vil det bli fine liggeplassar, trur Hovland. For vinteren ønskjer dei å heve heile stranda litt for å unngå at det flyt opp på sanden for mykje skit frå havet i løpet av vinteren. Dei gjorde erfaringar sist vinter. Ein av dei store jobbane til dagnadsgjengen i vår har vore å få fjerna all taren og anna som har drive i land.

I posisjon

Hovland har med seg Sigmund Frøyen frå styret og styreleiar Tor Solheim-Olsen i Nordalsmarka velforeining som viktige samarbeidspartar.

Noko av det viktigaste vidare vert å skaffe meir pengar og komme i posisjon både til INAS-tilskot, kulturkroner frå bankane og private sponсорar for å kunne realisere endå større planar, og ikkje minst komme i skikkeleg posisjon i dei kommunale planane over nærmiljøanlegg.

Det kan ikkje kallast anna enn nesten heilt utruleg kva dei har fått ut av samla tilskot og støtte på 170 000 kroner. Hovland og kompisane må ha 70 000 kroner til for å gjennomføre hevinga av stranda og få bygt ein rampe for funksjonshemma fram til området, to prosjekt dei håpar å kunne sette i gang i år.

Hovland klarer ikkje heilt å halde seg, og minner om at dette knapt utgjer ein halv skulptur (jamfør jubileumsgåva frå Sparebanken Sogn og Fjordane til Flora kommune).

Fleire stiar

Dei vil òg halde fram arbeidet med å rydde fleire stiar og planere heilt ut den store marka som ein gong låg i området. Her kan det verte aktuelt å sette opp ei lita scene framfor det som ligg der som eit lite naturleg amfi. Også eit lite reiskapsskur er med i dei næraste planane.

Bålplassen til årets jonsokfeiring i bakkan av sandstranda er alt maskinrydda heilt ned på berget. Som i fjor planlegg dei eit tidleg bål for dei yngste allereie klokka 18.00.



Alle foto: Olav Hatlemark

Grov fram kanonstilling

Øivind Gjengseth har gjort eit stort arbeid med å rydde eit større område av skog og kratt kring ei bortgøymd kanonstilling.

Stillinga ligg på sørsida av det militære komplekset tyskarane

bygde i området. Innanfor ligg to mindre bomberom. Frå stillinga går ein kort tunnel til ein utgang lenger bak i terrenget. Kanonstillinga har vore heilt vekk-gøymd og overgrodd og har derfor vore lite utsett for menneskeleg skadeverk, fortel Hovland, som sjølv voks opp i

området og trudde han kjende kvar stein her. Men dette var ukjent. Krigsminneforeininga er alt kontakta og skal sette opp informasjonsskilt ved minnesmerke. Foreininga er alt blitt ein viktig samarbeidspart.

Skal ha bru over til holmane

To bruer over til dei to store holmane på utsida av bade-stranda på Sørstrand vil opne tilgjenget til langt meir av turlandskap i området.

Dei har alt oppmoda ein arkitektstudent om å konstruere bruene som ei prosjektoppgåve med plass nok til at kajakkar og andre mindre fartøy skal kunne passere under. Første brua er tenkt bygt frå eit nes ved badeplassen og kortaste stykket over til første holmen. På utsida ligg fine svaberg og plassar som er djupe nok til å stupe frå, kanskje kan dei få sett opp stupetårn. Her går det å legge til med båt òg.

– Det vi har laga til no er for barn og barnefamiliar. Med bruene vil vi kunne tilby fine område for ungdom og turgåarar. Her er gode fiskeplassar, og det vil vere fint å gå tur også om vinteren når vi får laga dette til, seier Magne



SØRSTRAND: Sørstrandområdet ligg mellom flyplassen og Kystmuseet.

Hovland. Andre store prosjekt er å få lagt ein ny parkeringsplass, kanskje alt til hausten, og med nye stiar få knytt Sørstrand saman med området ved Kystmuseet. Også her må dei opp med eit par mindre bruer. For mange vil dette kunne korte vegen fram til området, ikkje minst viktig for funksjonshem-

ma. Planen er òg å bygge ein eigen rampe for funksjonshemma ned til sjøve stranda. I tillegg er det aktuelt å legge ei volleyballbane i nærleiken av bade-stranda. Og kanskje ein ballbinge på litt sikt. Høyrest alt dette dyrt ut? Hovland trur at dei over tid vil kunne greie å gjere det meste for 700 000 kroner.

Benkemysteriet er løyst

Magne Hovland, initiativtakaren til badestranda og eldsjel for opparbeiding av ein folkepark på Sørstrand ved flyplassen, ber folk om å la vere å flytte benkene på stranda ned mot strandkanten, slik at ikkje benkene vert tekne av sjøen når det flør.

Her ein dag var plutsleg ein av benkene forsvunnen og vart observert flytande i sjøen utanfor. Hovland var redd for at benken kunne vere til fare for trafikken. Men i går var benken

tilbake på sin faste plass på sanden nærast som eit mysterium.

Alt no er det mange som tek turen til Florø badestrand for å vasse eller ta seg ein dukkert i det noko kalde vatnet. I går var fleire barn og ungdommar innom og vassa berre på den knappe timen Firdaposten var på området saman med Hovland og Sigmund Frøyen frå Nordalsmarka velforeining. Der fekk vi også oppklara mysteriet.

Jan Midtbø kom padlande i kajakk saman med Tone Olsen og Robin Solberg og gjorde strandhogg på sanden. Han kunne fortelje at det var dei som hadde berga benken ute i sjøen

utanfor og fått han på land. Dei forstod straks kvar han høyrde heime.

Hovland har eit par for-anningar til: – Ver greie og ikkje lag til bål på sjøve sanden, men bruk heller svaberga. Det er lite kjekt med kol og vedrestar som ligg i sanden der ungar skal leike seg. Men elles rosar Hovland dei som brukar badestranda for å vere flinke til å rydde opp etter seg. Og er ikkje alle like flinke, ser det ut til at andre tek ansvar. No har dei også fått på plass ein bosskonteinar som gjer det enklare å halde det reint og ryddig i området.

Skipar eiga stifting for folkepark

Nordalsmarka velforeining og Magne Hovland tek no initiativ til å få laga ei frittstående stifting som kan drive fram det vidare arbeidet med å få laga Sørstrand Folkepark.

Som ein slags forlengd arm til Flora kommune, og eit styre som har ansvaret for den vidare drifta, seier Sigmund Frøyen, styremedlem i Nordalsmarka velforeining, og utpeikt til å jobbe vidare med saka.

Kommunen vil likevel kunne ha heile styringa ved at alle planar må godkjennast. I alt arbeidet som er gjort, har dugnads-gjengen følgd den skissa kommunen fekk laga for ein fritlufts-park på Sørstrandområdet for nokre år sidan.



LAGAR STIFTING: Sigmund Frøyen, styremedlem i Nordalsmarka velforeining og initiativtakar Magne Hovland, til venstre, gjer klar for å skipe ei slagkraftig stifting som kan sikre utviklinga til det dei kallar Sørstrand Folkepark.

– Vi ønskjer å ha med lag og organisasjonar, bedrifter og private, alle vil vere velkomne i ei slik stifting, kommunen òg. Her vil dei få ein sjanse til å vere og

påverke utviklinga av området, seier Frøyen, som i det daglege har jobb i Oslo hos bankenes sikkingsfond, men er fast pendlar til heimen i Florø.



TIDLEG: Aadne Eide (12) var tidleg ute og prøvde vatnet søndag. Litt kaldt, seier han.



KOM FRAM: Denne kanonstillinga har vore bortgøymt under kratt og gras og er lite øydela. Ikkje mange har visst om plassen.